

# Personvernhandbok for Holmedal montessoriskule

Vedlegg nr. 5

## FRÅSEGN OM PERSONVERN FOR ELEVAR/ELEVAR SINE FØRESETTE (EKSTERN) Handsaming av personopplysningar i Holmedal montessoriskule

Når føresette eller eleven sjølv nyttar nettsida vår og/eller er i kontakt med oss om saker som gjeld barnet ditt sitt forhold til og på skulen som elev, vil Holmedal montessoriskule handsame personopplysningar om (... *eleven sitt namn*).

Nedanfor finn du difor informasjon om personopplysningar som vert samla inn, kvifor vi gjer dette og rettane dine knytt til handsaminga av personopplysningane.

Handsamingsansvarlig for personopplysningane vi handsamar er Holmedal montessoriskule ved dagleg leiar Oddveig Lyngstad.

Kontaktinformasjonen til Holmedal montessoriskule er:

Adresse: Dalsfjordvegen 3007

E-post: [post@holmsk.no](mailto:post@holmsk.no)

Telefon: 57734253

Organisasjonsnr.: 986 236 147

For spørsmål du måtte ha om handsaminga vår av personopplysningar som gjeld barnet ditt kan du kontakte rektor som er personvernansvarleg [[oddveig@holmsk.no](mailto:oddveig@holmsk.no), tlf 99500883].

### 1. Kvifor samlar vi inn personopplysningar og kva slags informasjon samlar vi inn

Vi samlar inn og brukar dine personopplysningar for å ivareta friskulelova og læreplanen sine formål om at barnet dykkar skal få ivaretatt retten sin til opplæring innanfor trygge og gode rammer. Vi samlar inn følgjande personopplysningar for å ivareta desse formåla:

1. Sende ut nyhendebrev og gje informasjon om verksemda vår og planar for skulen sine aktivitetar. Slik informasjon vil bli sendt til oppgitt e-postadresse eller telefonnummer, eller som ranselpost. Skulen har ei lovfastsett plikt til å gje føresette informasjon.
2. Svare på meldingar og skriv som kjem inn til oss frå deg/dykk om barnet sin lærings situasjon og sosiale situasjon på skulen. Skulen har ei lovfastsett plikt til å innhente slik informasjon og informere om denne til føresette.
3. Naudsynt informasjon for å kunne føreta lovfastsett vurdering og ivareta rettar etter friskulelova § 2-4, jf. opplæringslova kapittel 9 A om trygt og godt skolemiljø som underbygger trivsel, helse og læring, og rettar etter friskulelova § 3-6, jf. opplæringslova kapittel 5 for å kunne vurdere eventuelle læringsbehov som ikkje vert tilstrekkeleg ivaretekne gjennom tilpassa opplæring.

# Personvernhandbok for Holmedal montessoriskule

4. Informasjon som skulen får under sosiale tilstellingar, klasseturar og leirskuleopphald, og som kan ha betydning for vurderinga etter punkt 3.
5. Under aktivitetar som nemnde i punkt 3 og 4, vil skulens tilsette kunne ta bilete, med dei avgrensingane som følgjer av åndsverklova § 45 c.  
Bilete av barnet ditt innanfor lovas beskyttelsesramme er avhengig av ditt/dykkar samtykke.

Alternativ 1

Vi **samtykker** til slik bruk

Alternativ 2

Vi **samtykker ikkje** til slik bruk, anna enn ved særskilt samtykke i kvart enkelt tilfelle

Sjå eige samtykkeskjema til dette føremålet.

Andre data enn det som er nemnde her og det som følger av lovfastsett handsamingsgrunnlag for å ivareta formål som friskulelova nemner, kan skulen ikkje innhente og registrere utan ditt/dykkar særskilte samtykke.

## 2. Utlevering av personopplysningar til andre

Vi gjev ikke personopplysningane dine vidare til andre med mindre det føreligg eit lovleg grunnlag for slik utlevering. Døme på slikt grunnlag vil typisk vere ei avtale med deg eller eit lovgrunnlag som pålegg oss å gje ut informasjonen.

# Personvernhandbok for Holmedal montessoriskule

## 3. Lagringstid

Vi lagrar personopplysningane dine hos oss så lenge det er naudsynt for det formålet personopplysningane vart samla inn for.

Forskrift av 19. desember 2017 nr. 2286 om utfyllende tekniske og arkivfaglige bestemmelser om behandling av offentlige arkiver (riksarkivarens forskrift) seier følgjande om kva som skal bevarast for ettertida (langtidslagring):

- e) Om alle elever bevaras følgjande dokumentasjon:
  - Hvilke elever som har gått på hvilken skole, inkludert fravær.
  - Underveisvurdering, inkl. halvårsvurdering med karakter.
  - Sluttvurdering, inkl. standpunktkarakter og eksamenskarakter.
  - Ved fritak for vurdering med karakter skal det bevaras annen dokumentasjon av opplæringen.
- f) Om enkeltelever bevaras følgjande dokumentasjon:
  - Saker om rettigheter og plikter knyttet til innhold og organisering av opplæringen, jf. opplæringslova kapittel 2 og opplæringsforskriften kapittel 1.
  - Saker om spesialpedagogisk støtte og spesialundervisning, inkludert utredning, enkeltvedtak og individuell opplæringsplan med vurdering.
  - Saker om fysisk og psykososialt skolemiljø.
  - Skademelding.

# Personvernhandbok for Holmedal montessoriskule

Dette betyr at personopplysningar som vi handsamar utelukkande på grunnlag av ditt/dykkar samtykke, vert sletta dersom du trekker samtykket ditt.

Som offentleg godkjend skule er vi forplikta til å oppbevare opplysningar som seinare kan vere naudsynte å ha tilgang til, om elevar. Dette gjeld opplysning om at barnet har vore elev ved skulen, herunder om fråver. Vidare gjeld det undervegsvurderingar og sluttvurderingar og saker om rettar og plikter til innhald og organisering av opplæringa.

For elevar som det er aktuelt for, pliktar skulen også å oppbevare

- saksdokument som omhandlar spesialpedagogisk støtte og undervisning, herunder utgreiingar, enkeltvedtak og individuelle opplæringsplanar
- saker om fysisk og psykososialt skolemiljø
- skademeldingar.

Ut over slike data som skulen pliktar å oppbevare, skal dokument slettast når eleven sluttar ved skulen.

## 4. Dine rettar når vi handsamar personopplysningar om deg

Du har rett til å krevje innsyn, retting eller sletting av personopplysningane vi handsamar. Slettekrav gjeld ikkje data som skulen pliktar å oppbevare.

Du har vidare rett til å krevje avgrensa handsaming, rette innvending mot handsaminga og krevje rett til dataportabilitet. Sistnemnde er særleg aktuelt ved eleven sitt byte av skule. Du kan lese meir om innhaldet i desse rettane på Datatilsynets nettside: [www.datatilsynet.no](http://www.datatilsynet.no).

For å ta i bruk desse rettane må du sende skriftleg melding/krav til rektor. Skulen vil svare deg så snart som mogeleg, og seinast innan 30 dagar.

## 5. Klager

Dersom du meiner at handsaminga vår av personopplysningar ikkje stemmer med det vi har skildra her eller at vi på andre måtar bryt personvernlovgevinga, så kan du klage til Datatilsynet.

Du finn informasjon på Datatilsynets nettsider – [www.datatilsynet.no](http://www.datatilsynet.no) – om korleis setje fram ei slik klage.